



Saksgang
Kultur- og oppvekstutvalet

Møtedato
21.05.2013

Saksnr
026/13

Sakshandsamar:
Anita Solbakken

Arkiv: K1-033, K2-C00 **Arkivsaknr**
Objekt: 11/1035

HØYRINGSUTTALE: KULTURUTREDNINGEN 2014 (NOU 2013:4)

Kva saka gjeld:

Kulturutredningen 2014 (også kalla Enger-utvalet) har gått igjennom og vurdert kulturpolitikken etter 2005, dvs kulturløft I og II. Hovudfunna i utgreiinga frå Enger-utvalet er at den kulturelle grunnmuren i kommunane er nedprioritert, dvs. folkebibliotek, kulturskular, frivillig arbeid m.m.

Utvalet sine hovudtilrådingar for kulturpolitikken etter 2014 er å satse på eit lokalt kulturløft - kulturløft III.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Flora kommune vil gje honnør til det omfattande utgreiingsarbeidet som er gjort på kulturfeltet i *NOU 2013:4 Kulturutredning 2014*.
2. Flora kommune sluttar seg til hovudpunkta i NOU-en, og peikar spesielt på behovet for eit lokalt kulturløft. Økonomiske rammer, kompetanse og arenaer i høve det frivillige organisasjonslivet, kulturnæringsaktørar og offentleg kultursektor - i samspel i mellom dei og kvar for seg – er sentrale element i den kulturelle grunnmuren.
3. Flora kommune rår til at dialogen mellom forvaltningsnivåa og KS blir styrka på kulturfeltet. Eit lokalt kulturløft må basere seg på ei erkjenning av kulturen sin eigenverdi. Samstundes vil den lokale styrkinga også vere godt eigna til å utvikle kulturfeltet sitt samspel med andre samfunnsområde.

21.05.2013 KULTUR- OG OPPVEKSTUTVALET

Framlegg:

Framlegg frå Repr.Odd Bovim,V:

Tillegg til pkt.2:

Flora kommune vil streke under at den beste kulturpolitikken vert utarbeidd når kommunen sjølv avgjer prioriteringa. Det er såleis ikkje ønskjeleg med nye lovfesta krav i kulturarbeidet utan at det følgjer med midlar.

Nytt pkt.4:

Flora kommune ser det som viktig at statlege kulturinstitusjonar også kan plasserast andre stader enn på det sentrale austland.

Røysting:

Pkt.1 i tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Pkt.2 vart samrøystes vedteke med tilleggsframlegget frå Bovim.

Pkt.3 vart samrøystes vedteke som tilrådd.

Framlegget frå Bovim til nytt pkt.4 vart samrøystes vedteke.

KUOP-026/13 VEDTAK:

1. Flora kommune vil gje honnør til det omfattande utgreiingsarbeidet som er gjort på kulturfeltet i *NOU 2013:4 Kulturutredning 2014*.
2. Flora kommune sluttar seg til hovudpunkta i NOU-en, og peikar spesielt på behovet for eit lokalt kulturløft. Økonomiske rammer, kompetanse og arenaer i høve det frivillige organisasjonslivet, kulturnæringsaktørar og offentleg kultursektor - i samspel i mellom dei og kvar for seg – er sentrale element i den kulturelle grunnmuren. Flora kommune vil streke under at den beste kulturpolitikken vert utarbidd mnår kommunen sjølv avgjer prioriteringa. Det er såleis ikkje ønskjeleg med nye lovfesta krav i kulturarbeidet utan at det følger med midlar.
3. Flora kommune rår til at dialogen mellom forvaltningsnivåa og KS blir styrka på kulturfeltet. Eit lokalt kulturløft må basere seg på ei erkjenning av kulturen sin eigenverdi. Samstundes vil den lokale styrkinga også vere godt eigna til å utvikle kulturfeltet sitt samspel med andre samfunnsområde.
4. Flora kommune ser det som viktig at statlege kulturinstitusjonar også kan plasserast andre stader enn på det sentrale austland.

Terje Heggheim
Rådmann

Anita Solbakken
Kultursjef

Innleiing:

Kulturutredningen 2014 vart lagt fram 4. mars, og har høyringsfrist 1. juli. Enger-utvalet sitt mandat var å gå gjennom og vurdere kulturpolitikken etter 2005, altså periodane med kulturløft I og II. Bakgrunnen for kulturløfta har vore ei oppfatning av kultursektoren som underfinansiert om ein skulle nå dei forventa måla for sektoren, og eit mål om 1% av statsbudsjettet burde gå til kultur innan 2014.

Utvalet har sett på lokal/regional kontra sentral vedtaksmynde, rolle- og funksjonsdeling mellom kunst- og kulturfaglege og politiske avgjerdestakarar, mangfald, samspel mellom kulturpolitikken og andre samfunnsområde, frivillig sektor si rolle, utviklinga i geografisk fordeling av kulturmidlar m.m. Dei har konsentrert arbeidet sitt inn mot det dei kallar "ytringskulturen" dvs. musikk, kunst, scenekunst, film, allmenne kulturføremål, språk, litteratur, museum, arkiv. Idrett og media har ikkje vore del av utvalet sitt arbeid.

Hovudfunna i utgreiinga er knytt til at dei registrerer ei nedprioritering av det dei kallar den kulturelle grunnmuren i kommunane, dvs folkebibliotek, kulturskular, frivillig arbeid m.m. Lokalt har ressursinnsatsen vore sett inn i høve kulturbygg, idrettsanlegg, idrett og "begivenheitskultur" (festivalar m.m.).

Lenke til Kulturutredningen i sin heilskap:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/dok/nouer/2013/nou-2013-4.html?id=715404>

Kort oppsummering av hovudpunkta:

Nasjonale mål for kulturpolitikken

Utvalet peikar på at det å føre ein offensiv kulturpolitikk er ei nødvendig oppgåve for offentlege myndigheiter. Å oppretthalde og styrke den kulturelle infrastrukturen er ein viktig føresetnad for eit levende demokrati. Kunst og kultur er ein ressurs som er ulikt fordelt i befolkninga.

Kulturpolitikken bidreg til eit meir rettferdig kulturliv. Det må leggest til rette for eit mangfald av kunstnarar og kulturuttrykk, og for at heile befolkninga skal kunne delta i kunst- og kulturlivet. Samfunnet har eit ansvar overfor komande generasjonar for å oppretthalde og utvide mangfaldet i kulturlivet. Dei nasjonale måla for kulturpolitikken bør vere demokrati, rettferdigheit, mangfald.

Ytringskultur som kulturpolitikken ansvarsområde

Det kulturpolitiske ansvarsområdet bør avgrensast i tråd med begrepet om «ytringskultur», det vil seie verksemdar som har eit ekspressivt hovudføremål. I praksis inneber dette at det kulturpolitiske ansvarsområdet bør omfatte verksemdar og aktivitetar knytt til materiell og immateriell kulturarv (som museum, bibliotek, arkiv), og kunstnerisk verksemd i vid forstand, det vil seie det som er omfatta av begrepa profesjonell kunst og populærkultur og aktivitetar i det frivillige kulturlivet.

Tid for et lokalt kulturløft

Utvalet peikar på ulike aktørar og område i kulturlivet som bør styrkast juridisk, organisatorisk og/eller økonomisk. Utvalet er oppteken av at den kulturelle grunnmuren må styrkast og føreslår difor at Kulturløftet III bør ha form av eit lokalt kulturløft ut frå at kommune-Norge er mangfaldig og livet vert levd lokalt.

Utvalet har dokumentert at deler av den kulturelle grunnmuren har tapt i kampen om pengane lokalt: *"Når vi ønsker en kulturskole for alle, satsning på åpne bibliotek som viktig kulturarena og møteplass der folk bor, samt blomstrende kulturaktivitet og frivillig innsats blant annet i korps og kor, så forutsetter det større oppmerksomhet og mer penger også fra statlig hold."* Utvalet meiner det kan vere behov for å vurdere øyremerking av midlar til lokalt kulturløft i kommunane i ein tidsavgrensa periode.

Frå kulturell infrastruktur til kulturelt innhald og kunstnarisk kvalitet

Utvalet peikar på at merksemda framover i større grad må rettast mot innhald og kunstnarisk kvalitet, og i mindre grad i infrastruktur. Trykket i kulturpolitikken må ligge på kunstproduksjon,

kvalitet og publikum, og peikar på at dette m.a. kan oppnåast gjennom auka samarbeid mellom kulturinstitusjonar og frie grupper.

Kunnskapsbasert kulturpolitikk

Utvalet peikar på at kulturpolitikken i mindre grad enn andre politikkområde er kunnskapsbasert og sluttar seg difor til Grund-utvalet sitt forslag om å opprette eit forskingssenter på kunst- og kulturvernområdet.

Kulturpolitikkenes sektoransvar

Kulturen er sektorovergripande og utvalet peikar på at dei fleste departement har ansvar for kulturaktivitetar og deler av kulturarven. Utvalet tilrår fleire organisatoriske endringar der Kulturdepartementet sitt ansvarsområde blir utvida.

Kulturpolitikkenes lovgrunnlag

Utvalet meiner det er naudsynt å styrke lovgrunnlaget for kulturpolitikken på fleire virkeområde. Utvalet føreslår m.a. at kulturlova blir utstyrt med bestemmelsar som gjer den til eit aktivt verktøy og som gir kommunar og fylkeskommunar ansvar for å utvikle planstrategiar på kulturområdet, at kultur blir teke inn i Plan- og bygningsslova på lik line med folkehelse m.m.

Ein bærekraftig kunstnarpolitikk

Utvalet meiner at kulturpolitikken må bidra til at alle har like moglegheiter til å kunne prøve ut talenta sine som kunstnarar, men peikar samtidig på ei erkjenning av at berre nokon få kan lykkast i ein slik karriere. Kunstnarar sine levkår bør møtast med ein todelt strategi der kvalitetskrava i dei eksisterande stipend- og prosjektstøtteordningane for kunstnarar blir heva, slik at det blir meir til færre, samtidig som virkemiddelbruken blir styrka slik at fleire kunstnarar kan leve av eigne kommersielle inntekter.

Kulturelt medlemskap

Utvalet ser at det ligg ei betydeleg utfordring i å skulle sørge for at dei store kulturinstitusjonane blir reelt sett opne for alle grupper i samfunnet, men at dette er heilt nødvendig. Utvalet meiner at fokuset for arbeidet med å fremme inkludering i kulturlivet bør utvidast slik at det i større grad enn i dag dreier seg om kulturarenaer og møteplassar i det lokale kulturlivet.

Enger-utvalet har følgjande tilrådingar (sitat):

"Lokalt kulturløft. Utvalget er særlig opptatt av at den kulturelle grunnmuren må styrkes og foreslår et lokalt kulturløft. Utvalget mener det vil være behov for å vurdere øremerking av statlige midler til et lokalt kulturløft i kommunene i en tidsavgrenset periode. Disse midlene bør særlig rettes inn mot

- ◆ folkebibliotekene
- ◆ kulturskolene
- ◆ innføring av en dirigentlønnsordning
- ◆ øvings- og framføringslokaler i det lokale kulturlivet
- ◆ ansvaret for kulturskolen bør overføres til Kulturdepartementet
- ◆ kulturloven må utstyres med bestemmelser som gjør den til et aktivt verktøy

Statlig kulturpolitikk. I årene som kommer må oppmerksomheten vendes fra å bygge den kulturelle infrastrukturen til innholdet i den, gjennom:

- ◆ mer fleksibel drift av teater- og orkesterinstitusjonene
- ◆ innføring av et nytt system for eierstyring av kulturinstitusjonene som muliggjør en oppfølging av kvalitetsmålet
- ◆ mer samarbeid mellom kulturinstitusjoner og frie grupper
- ◆ at kulturinstitusjonene i større grad stimulerer den skapende kunstneriske virksomheten
- ◆ i større grad å rette ressursinnsatsen inn mot formidlingstiltak
- ◆ å styrke støtteordningene under Norsk kulturfond

- ♦ å trappe opp forskningsinnsatsen på kunst- og kulturpolitikken gjennom etablering av et forskningscenter for kultursektorforskning"

Vedlagt saka føl utkast til høyringsuttale frå Norsk Kulturforum. Norsk Kulturforum (som dei fleste kommunar og fylkeskommunar i landet er tilslutta, deriblant også Flora) har i sitt høyringsutkast lagt vekt på at det definitivt er behov for eit lokalt kulturløft, men også ein samordna nasjonal kulturpolitikk. Ein samordna nasjonal kulturpolitikk her definert som summen av kommunal, fylkeskommunal og statleg kulturpolitikk. Norsk Kulturforum peikar på at verkemidla vil vere både økonomiske og organisatoriske, og føreset kompetente kulturarbeidarar sentralt plasserte i administrasjonen, og med kunnskap om lokalt kulturliv og kulturutvikling.

Vurdering:

Rådmannen sluttar seg til hovudpunkta i Kulturutredning 2014, og peikar spesielt på behovet for eit lokalt kulturløft. Enger-utvalet ser på den kulturelle infrastrukturen som ein viktig føresetnad for eit levande demokrati, og utvalet leverer ein sterk argumentasjon for lokalkulturen sin posisjon, både som eigenverdi og som instrument for effekt på andre samfunnsområde.

Rådmannen vil gje honnør til det omfattande utgreiingsarbeidet som er gjort på kulturfeltet i denne NOU-en. Arbeidet gir på ein god måte greie for utviklingstrekk innan norsk kulturpolitikk, og er ein god analyse av dagens tilstand på kulturfeltet.

Vidare bør dialogen mellom forvaltningsnivåa og KS etter rådmannen si vurdering bli styrka på kulturfeltet, for dermed også kunne oppnå ei betre samordning av den nasjonale kulturpolitikken. Eit lokalt kulturløft må basere seg på ei erkjenning av kulturen sin eigenverdi. Samstundes vil den lokale styrkinga også vere godt eigna til å utvikle kulturfeltet sitt samspel med andre samfunnsområde.

Rådmannen registrerer at også fylkesrådmennene på Vestlandet rår Vestlandsrådet til å støtte hovudpunkta i Enger-utvalet under si handsaming av saka no i mai. I den saka vert det i tillegg peika på at ein truleg kjem lengst i høve måloppnåinga i høve eit lokalt kulturløft om staten og kommunane v/KS går i dialog, og finn måtar å gjere dette på som tek i vare begge partar sine behov.

Rådmannen vil ikkje i denne saka gå inn i einskildområda på kulturfeltet, men viser til Flora Bystyre sine prioriteringar i handlingsprogram for kulturfeltet i 2013 der det m.a. heiter:

- ♦ halde oppe satsingane på kulturtilbod til barn og unge ved å sikre gode rammevilkår
- ♦ sikre at tiltaksdelen i kommunedelplan for oppvekstsektoren vert følgd opp
- ♦ følgje opp føringar i opplæringslova og kulturlova
- ♦ sikre attraktive kår for kultur næringsaktørar
- ♦ halde fram planarbeidet knytt til Flora samfunnshus

Rådmannen vil i denne omgang avgrense seg til å gje støtte til tanken om eit lokalt kulturløft. Vidare finn rådmannen det naturleg å kome attende med meir konkrete vurderingar i samband med kommuneplanen sin samfunnsdel, og som elles i handlingsprogram og budsjett.

Økonomiske konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Prenta/uprenta vedlegg:

Forslag til høyringsuttale frå Norsk Kulturforum